



FAU Vats skule 2019-2020

Referat frå møtet i FAU 28.08.19

Til stades:, Randi Lea-Koltveit, Maria Eikeland, Torunn Blikra, Knut Erik Gjerde, Jostein Sørhus
Wenche Eide, vara for Perly Sandvik, Monica Nesheim og Hilde Pedersen Åsbø

Møtet var i etterkant av skulen sitt møte med dei nye klassekontaktane. Det blei då vald ut kven i frå kvar klasse som skulle sitja i FAU. Ein fordelte det etter om klassekontaktane var vald for eitt eller to år, for å unngå total utskifting til neste skuleår.

Konstituering og Val:

Monica Nesheim blei vald som leiar i FAU for skuleåret 2019-2020

Jostein Sørhus blei nestleiar.

Randi Lea-Koltveit fortset som sekretær.

Maria Eikeland blei kasserar.

Sak 1:

Uteområdet på skulen

Uteområdet på skulen er i svært dårleg stand. I vår kunne ikkje feie-bilen kosta sand fordi asfalten var så ujamn og i så dårleg stand. Det manglar lys på baksiden av gymsalen, der ein går frå buss til småskuleområdet. Rektor undersøkje kor langt kommunen er i denne prosessen og kva tid Vats skule vert prioritert. Elles er uteleikehytta m.m. i dårleg stad, FAU lurte på om dei fekk lov til å ha dugnad? Rektor undersøskjer.

Sak 2:

Skulemjølk m.m.

I år der det val om ein yoghurt, havrelunsj og smoodie.

Mjølka kjem tysdag ettermiddag

Når du tingar mjølk på nettet, står det kva for ein dato utleveringa startar på skulen. Det kan ta 14 dagar.

Sak 3:

Bankkonto

Perly undersøskje bank konto til FAU, undersøsk korleis andre skuler FAU gjer det.

Sak 4:

Kontaktmøta/utviklingsmøta

Eit ynskje frå FAU om at kontaktmøta/utviklingsmøta vert lagt rundt haustferie/vinterferie.

Sak 5:

Vindafjordhallen

Ynskje om å engasjera elevane til å skriv abrev om sagn og ynskjer, teikningar m. m.

Julefesten

Sak på foreldremøte i haust for alternativ avslutning

Neste FAU møte vert 3.oktorber kl 19.30

Rektor Vats skule
Hilde Pedersen Åsbø



Vindafjord kommune
Vats skule

”Ein god stad å vera – ein god stad å læra”

